

## Topptur på grensa mellom Ål og Hemsedal



Turen startar ved stølslaget på Breiset som ligg lengst inn på Oppheimsåsen. Terrenget er svært oversikteleg, og lett å orientere seg i. Du følgjer lett synleg stig fra parkeringsplassen.

Den går stort sett på turr mark, og dei to bekkane er lette å koma over. Etterkvart blir terrenget meir myrlendt, men ved Svartedyssa der det før var vanskeleg å komme seg tørrskodd over er stigen oppgradert med breie stødige jernbanesviller. No er dette det finaste stykket på stigen.



Foto: Ål turistinfo

Når du kjem oppunder Grytingurda (1220 moh) deler stigen seg, og du tek vegen vidare oppover til du når toppen av Grytingen (1462 moh). Flott utsikt!!

Ynskjer du ein lengre tur kan du etter å ha vore på toppen gå ned att til Grytingurda, og deretter fylgje stigen på sørssida av Grytingen vestover mot Versjøen og Systerskardet.

Denne stigen har vore i bruk så lenge det har vore samkvem mellom Hemsedal



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000



Køy Rv 7 til Torpo og fylg så skilting mot Oppheim. Når du kjem til bommen skal du velje den som går innover Oppheimsåsen (betalingsbom). Køy heile vegen inn til Breiset Stølslag (så langt vegen går).



Parker ved Breiset Stølslag.



Topptur i høgfjellsterreg. Stigning frå ca 1090–1462 moh på toppen av Grytingen. Turen er ikkje skilta og merka men god stig gjer den likevel lett å gå.



Gammal handelsveg mellom aust og vest.



Ca 16 km t/r. Ca 5 timer t/r.  
1070–1462 moh.

og Torpo. Det var i gamal tid mykje handel mellom Ål og Hemsedal, og vidare til Lærdal og Sogn. Handelskarane frå Hallingdal reiste til Sogn om vårane, kjøpte opp dyr som dei jaga til fjellhamner på heimtraktene, og vidare til Austlandet om hausten. I gamal tid var det jernvinningsanlegg ved foten av Grytingen.

